



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå Ekstra mail-møte i Kviteseid sokneråd 16.-23. mai 2025

Innkalla: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, Prost Asgeir Sele,

Kopi vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Frå innkallinga:

Årsmeldinga for 2024 vart ikkje ferdig handsama på sist soknerådsmøte 24. april 2025. Det er ein fordel at soknerådet har godkjend si eiga melding før soknemøte 9. juni.

Revisor skriv revisjonsmeldinga etter at årsrekneskapen er revidert og årsmeldinga vedteken. Ved ein god gjennomgang og godkjenning av årsmeldinga nå, vil revisor ha revisjonsmeldinga klar til soknerådet sitt siste ordinære møte før sommaren, den 5. juni.

Då kan årsmelding og årsrekneskap bli gjort kjend i betre tid før soknemøte i Vrådal 2. pinsedag.

I forskriftens § 17 står det at årsregnskapet og årsberetningen fastsettes av soknets organ og undertegnes av valgt leder og daglig leder.

For å kunne 'fastsette' årsmeldinga, må og årsrekneskapen godkjennes. Derfor er første saka:
Årsrekneskapen for 2024

Viss soknerådet kan handsama dette digitalt på denne måten, vil kyrkjeverja ha ei grundigere gjennomgang av rekneskapen 5. juni og på soknemøtet 9. juni.

Viss soknemøtet vil ha den gjennomgangen før vedtak, fell dette 'møtet' bort og sakene kjem på innkallinga til SR-møtet 5. juni.

Referatet her er ført med alle tilbakemeldingar frå alle soknerådsmedlemmene som har respondert innan fristen:

1. Astrid Breivik: Jeg har lest gjennom årsmeldinga. Jeg har 'sett på' regnskapet. Jeg stiller meg bak arbeidet som er gjort og godkjenner resultatet! Astrid Breivik
2. Marit Sørby: Hei. Nå har også jeg lest både årsmelding og regnskap, og jeg stiller meg bak arbeidet, som er gjort. Og godkjenner resultatet. Så for meg ser jeg ingen grunn til å vente med det til soknerådsmøte. Mvh Marit Sørby
3. Solveig Løfgren: Eg har lest årsmelding, og kikka på talla i rekneskapen. Eg ser ingen grunn til å vente til møte i SR 5.6.25, men syns det er greitt på mail. Kan stille meg bak tilrådingane. Solveig Løfgren
4. Knut Gjersund: Hei. Har lest årsmelding og regnskap, ingen merknader og støtter å vedta som framlagt. Knut Gjersund
5. Sigrun Moen: Hei! Har lese gjennom årsmeldinga og sett på rekneskapstala. Ingen merknader. Godkjenner arbeidet som er gjort. Sigrun Moen
6. Trond Fjågesund: Hei, har ingen merknader til årsmelding og rekneskapstal. Mvh. Trond Fjågesund.

7. Ida E. Sigurdslid: Hei 😊 Lest og gått igjennom, jeg signerer det samme som Marit Sørby skriver. Ingen merknader. Mvh Ida E Sigurdslid
8. Sigrun Lønning Solvang: Hei! Årsrapport og regnskap lest for Kviteseid sokn 2024. Godkjent. Mvh. Sigrun Lønning Solvang , Sokneprest, Kviteseid sokn
9. Anne Oddny Foldøy: Hei. No har eg òg lese gjennom årsmeldinga og rekneskapen og dette ser veldig greit ut, eg gjeng for dette òg støttar forslaget som er lagt fram. Ha ein god dag alle 🙌 Anne Oddny Foldøy

Med svar frå 9 i soknerådet er det rikeleg for å få eit gyldig vedtak. Når alle har svare det same, blir det i tillegg samrøystes. Det er ført inn i kvar sak under her.

Revisor har kommentert rekneskapstala som er lagt inn i Årsmeldinga og funne nokre få avvik som eg kallar slurvefeil frå mi side. Dei er retta opp i årsmeldinga: *Eg kontrollerte oppdatert årsmelding akkurat no og det er eit par små avvik i tall. Under oppsummering i punkt 1 har du glemt å endre tallet på netto driftsresultat drift til kr 226 097. Under pkt 7. Økonomi har du blingsa på tallet for driftsutgifter, du har brukt tallet på regulert budsjett. Regnskapet viser kr 5 400 369. Feila får ingen konsekvens for revisjonsmeldinga.*

SR-sak 18.25 FR	Årsrekneskapen 2024	MS / KrS
Rekneskapet er i 2024 ført i Nissedal fyrste del av året, og overført til Kviteseid frå august då kommunen her fekk eigen rekneskapsførar. Det same vart gjort med kommune-rekneskapen og, etter einigheit kommunane mellom. All lønskjøring er framleis i Nissedal slik det har vore i mange år no. Frå starten av året vart det innført nye kontoplanar, som kravde litt tilvending. Samstundes med at Kviteseid overtok, fekk soknet • full tilgang til digital kontering. • moglegheit til mottak av EHF-faktura frå leverandørar. • Hjelp frå kommunen til fakturering og oppfølging av desse i ettertid Dette har forenkla kvardagen for begge parter og gjort rekneskapen meir papirlaus. Rekneskapskontoret i Kviteseid har gjort eit godt arbeid med rekneskapsavslutninga i god dialog med kyrkjevevja og revisor. Revisor fekk alt litt seint, men det skuldast ikkje kommunen. Rekneskapen er no revidert og ting som er påpeika er retta opp i. DRIFT: Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Tilskot frå staten via bispedømet, dekker delar av kostnadane til trusopplæring. Anna inntekt er hovudsakleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon. Rekneskapen i sin heilheit er i eige dokument. Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2024 på kr. 3.886.200, mot kr 3.726.200 mill. året før. Tenesteytingsavtala var uendra kr 379.000. Driftsrekneskapen for 2024 syner eit brutto driftsresultat på kr 232.539, og eit rekneskapsmessig netto mindreforbruk på kr 226.097 (overskot). Samla driftsinntekter var kr 5.632.909 og driftsutgifter kr 5.489.000. Nokre detaljar frå driftsrekneskapen: • Lønskostnadar utgjer 57 % av samla driftsutgifter. Lønskostnadane aleine var kring 76.000 høgare enn budsjettert, men kring 68.500 lågare enn i 2023		

- **Avdelingsvise resultat** (kjem fram av spesifisert resultat pr avdeling):
 - 110 Kyrkjeleg administrasjon: overskot på ca. 32.000, om lag som budsjettert
 - 111 Kyrkjer: overskot på 12.000 mot budsjettert underskot på 7000 (altså 19.000 betre)
 - 112 Kyrkjegardar: underskot på 115.000, mot budsjettert 109.000 (altså 6.000 dårlegare)
 - 113 Andre kyrkjelege føremål: overskot på 279.000 mot budsjettert underskot på 4000 (altså 283.000 betre)
 - 86.000 mindre i lønskostnader og 108.000 mindre i andre kostnader
 - 89.000 meir i inntekter, mellom anna eit godt resultat frå kyrkjelydsbasaren
- **Vesentlege avvik** frå regulert budsjett (frå s. 3 i rekneskapen):
 - Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter (Rekneskap kr 510.348 mot budsjett 318.000) skuldast hovudsakeleg meir fakturert for festeavgifter og tenester på kyrkjegardane, samt betre resultat på kyrkjebasaren og meir i offer
 - Kjøp av varer og tenester (Rekneskap kr 1.446.336 mot budsjett 1.560.000) er fordelt ut over mange enkeltpostar på 3 av 4 avdelingar. Ingen enkeltpostar som utmerker seg anna enn alle reide nemnt.

INVESTERING:

Investeringsprosjekta hadde i 2024 investeringar i anlegg på kr 207.000 og avsetnader for å dekke 'underskotet' i 2023 på kr 120.000. Dette var finansiert av kommunalt tilskot på kr 500.000, og refusjonar og avsetningar på om lag kr 83.000. (s.4 i rekneskapen)

Vesentleg avvik frå regulert budsjett på investeringar i anleggsmidlar: (Rekneskap 207.410 mot budsjett 550.000) var kalkulert med og skuldast at fleire av varene og tenestene bestilt i 2024 ikkje kunne leverast før i 2025 (Teppe og dør i Vrådal, noko anlegg og anleggsmidlar til minnelund i Kviteseid. Desse vert mottekne, fakturert og rekneskapsført i 2025.)

BALANSE:

Balanserekneskapet viser sum eigedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) er kr 16.234.868 (2023: kr 16.110.262). Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på 145.000 kr.

Den økonomiske stillinga til soknet er tilfredsstillande. Soknerådet har forvalta tilgjengelege midla i 2024 på ein rimeleg måte.

Soknerådet må vedta kva overskytande midlar ska brukast til.

Vedlegg:

1. *Kviteseid sokneråd, rekneskap 2024*
2. *Kviteseid sokneråd -Noter til rekn. 2024*
3. *Avdelingsvise resultat 2024*
4. *Spesifisert investering 2024*
5. *Spesifisert balanse 2024*

Forslag til VEDTAK i SR-sak 19.25:

Soknerådet vedtek den framlagde revidera årsrekneskapen for 2024, med dei vedlagde spesifikasjonane.

Udisponera investeringsmidlar på kr. 245.342 frå 2024 vert overført til investeringsfond.

Mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2024, kr 226.097 vert overført til disposisjonsfondet.

VEDTAK i SR-sak 19.25:

Soknerådet vedtek samrøystes den framlagde revidera årsrekneskapen for 2024.

Udisponera investeringsmidlar på kr. 245.342 frå 2024 vert overført til investeringsfond.
Mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2024, kr 226.097 vert overført til disposisjonsfondet.

SR-sak 19.25 FR Årsmelding 2024

MS

Frå SR-sak 16.25 FR 24. april 2025:

I år er det Olav Holm som har skrive mesteparten av årsmeldinga for 2024, etter malen frå tidlegare år. Dette er gjort så enkelt som mogleg, men ligg like vel mykje arbeid bak. Takk til Olav Holm som trødde til då kyrkjeverja var noko redusert. Kyrkjeverja har arbeida med resten. Framlegget til dette møtet er utan bilete og illustrasjonar, har nokon manglar (markera med gult), kan og er altså ikkje ferdig. Soknerådet må merke seg og seie ifrå om feil og manglar. (Nynorsk-) retting blir gjort til slutt.

Årsrekneskapen blir lagt fram for godkjenning på neste soknerådsmøte, etter at det er revidert og revisjonsmelding er motteken (frist 30. april)

Vedlegg:

Årsmelding 2024 -under arbeid

Årsrekneskap2024 før revisjon, så berre til orientering her

Forslag til VEDTAK :

Årsmeldinga er godkjend med dei endringar som er gjort på møtet.

Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni (2. pinsedag)

VEDTAK:

Årsmeldinga er førebels godkjend slik den nå ligg føre. Soknerådet får årsmeldinga opp att som sak når den er ferdig – d.v.s. på neste møte 5. juni. Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni (2. pinsedag).

Kyrkjeverja har etter dette møtet (som han ikkje fekk vært med på) gått gjennom heile årsmeldinga på nytt og gjort nokre veldig små endringar, mest retta røde understrekingar frå Word og nokre få layoutmessige saker. Så er kapittelet om økonomi endra til dei faktiske høva etter avslutta rekneskap for 2024. Der er det og tatt med saker som revisor har påpeika som manglar etter å ha sett det som var lagt fram til SR i april.

Så er det ynskjeleg at de alle går gjennom årsmeldinga som ligg ved, og kommenterer eventuelle feil og manglar, og godkjenner det under forutsetning av at dei kommentarane som kjem blir teken med. Svar difor på mailen med 'Svar alle', slik at de orienterar kvarandre.

Får kyrkjeverja tid til det, kan det bli limt inn nokre bilete frå verksemda i 2024, før klargjering for soknemøtet.

Er det større saker som de meiner må samtalast om på fysisk møte, vert saka utsett til ordinært sokneråd 5. juni.

Forslag til VEDTAK i SR-sak 19.25:

Årsmeldinga er godkjend med dei endringar som eventuelt er kommentert og skrive inn i endeleg utgåve.

Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni (2. pinsedag)

VEDTAK i SR-sak 19.25:

Soknerådet vedtek samrøystes Årsmeldinga for 2024.

Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni.

Dei neste soknerådsmøta: 5. juni (og forslag om 26. aug., 30. sept. eller 7. okt. 18. nov.)

Soknemøtet (årsmøtet) er i Vrådal 2. pinsedag (9. juni, etter messa) OBS Ny ytterdør og nytt teppe.